



REGULERINGSFØRESEGN **DETALJPLAN FOR H9 TORKJELSTJØRN - VOTNDALSÅSEN**

Plan- og bygningsloven § 12-7 gjer heimel til å lage reguleringsføresegn. Samen med plankartet er føresegnene eit juridisk dokument. Føresegnene utfyllar og klargjer arealbruken i plankartet.

§ 1. AVGRENSING

Det regulerte området er synt med reguleringsgrense på plankartet, dagsett 16.05.2019.

§ 2. REGULERINGSFORMÅL

Innanfor plangrensa gjeld følgjande reguleringsformål:

Bebygelse og anlegg (PBL § 12-5, nr 1)

- Fritidsbebyggelse - frittliggende

Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr 2)

- Kjøreveg
- Annen veggrunn - grøntareal

Landbruks-, natur- og fritidsformål samt reindrift (PBL §12-5, nr 5)

- Landbruksformål

Hensynsone (PBL §12-6)

- Bevaring kulturmiljø
- Båndlegging etter lov om kulturminner

§ 3. FELLESFØRESEGN

§ 3.1 Oppheving av tidlegare plan

Regulert område synt på plankartet erstattar deler av tidlegare regulert område i reguleringsplan for Torkelstjørn med PlanId 1995007.

§ 3.2 Rekkefølgjekrav

Avlaupsanlegg skal etablerast for heile området samla, og vere ferdig før det vert gjeven ferdig-/bruksløyve til første fritidseining.

§ 3.3 Kulturminner

Om det under anleggsarbeid eller annan verksemد i området dukkar opp automatisk freda kulturminne, må arbeidet stoppast ratt, og regional mynde varslast, jf. kulturminneloven § 8. 2.ledd.

§ 3.4 Landskapstilpassing og terrengeinngrep

1. Skjøtsel av areal som ikkje er byggjeområde skal skje etter skoglova.
2. Det skal ikkje gjerast endringar i terrenget ut over det som er naudsynt for grunn- og terregnarbeid for infrastruktur, bygd del av tomt, tilkomst og parkering.
3. Det skal leggast vekt på best mogleg terrengetilpassing ved plassering av bygg på tomta.
4. Terrengeinngrep i samband med opparbeiding av veg, teknisk infrastruktur og parkering skal utførast så skånsamt som mogleg. Teknisk infrastruktur skal i hovudsak leggjast i køyreveg for å redusere terrengeinngrep.

:.._____:



§ 4. SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

§ 4.1 Generelt

Fyllingar og skjeringar skal revegterast/såast, dette må skje seinast første vekstsesong . Ny botnvegetasjon skal harmonere med eksisterande vegetasjon.

§ 4.2 SKV - Køyrevegar

Veg SKV 1 - 2. Regulert breidde 5 meter. Vegbreidda er 5 meter inkl. 0,5 meter skulder på kvar side.

Veg SKV 3. Regulert breidde 3 meter. Vegbreidda er 3 meter inkl. 0,25 meter skulder på kvar side.

Veg SKV 4: Er tilkomstveg til tomt BFR 13. Regulert breidde 5 meter

§ 4.3 SV - Veg

Veg SV: Regulert breidde 3 meter. Vegbreidda er 3 meter inkl. 0,25 meter skulder på kvar side. Vegen er regulert som tilsynsveg for avløpsanlegg.

§ 4.4 SVG - Annan veggrunn - grøntareal

Område for skjering/fylling, samt tekniske anlegg i samband med vegen. Regulert breidde 2,5 meter på kvar side av SKV 1-2.

§ 4.5 SVT - Annan veggrunn - tekniske anlegg

Område for skjering/fylling, samt tekniske anlegg i samband med vegen. Arealet kan opparbeidast som oppstillingsplass i samband med tömming og inspeksjon av avløpsanlegg.

§ 4.6 Vatn- og avlaupsanlegg

Det skal prosjekterast og etablerast vatn- og avlaupsanlegg etter føresetnader i vatn-og avlaupsrapport. Det er krav om tilkopling til fellesanlegg for avlaup for alle eininger innan planområdet.

§ 5. BEBYGGELSE OG ANLEGG

§ 5.1 Generelt

Det er krav til to oppvarmingskjelder i kvar eining, den eine av desse skal nyte biobrensel eller varmepumpeløsing mot bergvarme/luft.

§ 5.2 Utnytting og plassering

1. Det kan byggjast ei bueining (eitt kjøkken) pr. tomt. Kvar tomt kan ha inntil tre bygg, dvs. eit fritidshus, eit anneks og eit uthus/garasje. Bygg skal plasserast med omsyn til terrenget, og ligge mest mogleg i balanse mellom skjering og fylling.
2. Utbyggingsgrad for kvar tomt kan vere maksimalt 236 m² BYA pr. tomt. Innanfor dette arealet kan summen av fritidshus og anneks vere på inntil 150 m². Annekset kan ikkje vere større enn 30 m². Uthus/garasje kan vere på inntil 50 m². Det er krav om to parkeringsplassar á 18 m² pr. fritidsbustad som vert rekna med i utbyggingsgraden for tomta.
3. For fritidseininger på tomt BFR1, BFR2, BFR11 og BFR12 skal hytte trappast i terrenget, eller ikkje vere breiare enn 6,2 meter.

§ 5.3 Utforming og materialbruk i bygg.

1. Fritidshus skal ha pulttak eller saltak. Maksimal gesimshøge ved pulttak er 6 meter. Maksimal mønehøgde for saltak er 6 meter. Alle mål er målt over gjennomsnittsnivå på terrenget.
2. Ved pulttak skal tak falle i same retning som terrenget
3. Takvinkel skal ligge mellom 17-35 grader.



- ..
4. I fasaden på bygningane skal det, i tillegg til konstruksjonsmaterialet (for eksempel betong, stål) nyttast materiale som tre, glas og/eller stein. Det skal nyttast mørke avdempa tjære- eller jordfarger, evt. jernvitrol, utvendig på bygningar.
 5. Taktekking skal vere jord/torvtak, tre, skifer eller shingel i svart/gråtonar.
 6. Anneks og uthus/garasje skal vere tilpassa hovudeininga.
- ..

§ 5.4 Andre høve

1. Etter søknad til kommunen er det tillate å gjerde inn inntil 400 m² av tomta, under føresetnad av at det vert nytta sauesikkert gjerde av naturmateriale. Grind skal svinge utover.
2. Parabolantenne skal ikkje monterast over takflata, farga skal vere lik hytta.
3. Vegfyllingar og skjeringar kan liggja innover tomtene. Ved opparbeiding av tomtene må ein ta omsyn til eventuelle fyllingar og skjeringar. Bratte skjeringar og fyllingar skal sikrast med gjerde. Fyllingar skal såast til og plantas, eventuelt lagast som støttemur. Fylling for hytter skal ikkje overstige 1,0 meter og kan ikkje strekkja seg lengre enn 2,5 meter frå yttervegg.
4. Lyskjelde utvendig skal vere skjerma, for å minimere lysforureining og blending.
5. Flaggstang er ikkje tillate.

§ 5.5 Vann og Avløpsnett (BVA)

1. Innanfor område kan det etablerast infiltrasjonsflate og slamavskiljar med tilhøyrande bygningar for avlaupsanlegg.

§ 6. LANDBRUKS, NATUR- OG FRILUFTSFØREMÅL

§ 6.1 L - Landbruksformål

1. Det skal ikkje gjerast tiltak som hindrar framkome.
2. Tekniske anlegg som reinseanlegg, trafoar, fordelingsskap, brunnar, leidningstrasèar osv. kan lages innanfor området. Bygningar i samband med tekniske anlegg skal skjermast med vegetasjon.
3. Skjøtsel av areal som ikkje er byggeområde skal skje etter skoglova. Elles gjeld dei generelle reglane for bygging i LNF-område.

§ 7. HENSYNSONE I REGULERINGSPLAN

§ 7.1 H570 - Hensynsone c - bevaring kulturmiljø:

Hensynssone omfattar bufferareal for dei automatisk freda kulturminna Id-5897 (H570_1) og Id-35366 (H570_2), samt for kolgrop Id-60780 (H570_3). Innanfor disse hensynssonene er det ikkje lov å køyre med tunge køyretøy, lagre anleggsutstyr eller byggemateriale, eller gjøre inngrep i grunnen. Skogsdrift skal utføres skånsamt, slik at markdekket og grunnen ikkje tek skade.

§ 7.2 H730 - Hensynsone d - Båndleggingsone etter kulturminnelova:

Hensynssone for automatisk freda kulturminner - kolgropene Id-5897 (H730_1) og Id-35366 (H730_2) frå yngre jernalder-mellomalder (700-1400 e.Kr.). Det er ikkje tillate å sette i gang tiltak som er i stand til å skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme det automatisk freda kulturminnet eller framkalle fare for at dette kan skje. Dette gjeld kulturminnet og ei sikringssone på 5 meter utanfor kulturminnets synlige yttergrense."